



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

19/2152-1

8. oktober 2019

Rundskriv N-1/2020 - Garantium for løyve for 2020 - Oppheving av rundskriv N-1/2019

1. Garantium for 2019

Etter forskrift 26. mars 2003 nr. 401 om yrkestransport innanlands med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskriften) § 7 skal søker ved søknad om eit løyve leggje fram ei garantierklæring frå bank eller forsikringsselskap på ein kroneverdi tilsvarande 9000 euro. For løyver ut over dette gjeld ein kroneverdi tilsvarande 5000 euro for kvart løyve.

Etter yrkestransportforskriften § 7 skal verdien på euro i kroner fastsettast for ein periode på eitt år. Koneverdien av euro skal fastsettast i samsvar med forordning (EU) nr. 1071/2009 art. 7 nr. 1 for alle løyvekategoriane. Kursen skal vere den kursen som er kunngjort offisielt i kvar EFTA-stat per 1. oktober 2019. Norges Bank publiserer valutakursar kvar dag i samsvar med forskrift 8. august 2001 nr. 914 om Norges Banks notering av marketskursar for valuta uttrykt i norske kroner. Valutakursane er tilgjengelege på heimesidene til Norges Bank¹. Kursen på 1 euro per 1. oktober 2019 er NOK 9,9463.

I perioden frå 1. januar 2020 til 31. desember 2020 er garantisummen etter avrunding satt til 90 000 kr for det første løyvet og 50 000 kr for de påfølgjande løyver i kvar løyvekategori.

Det skal ikkje gjerast endringar i eksisterande garantiar, bortsett frå i tilfelle som nemnt i pkt. 2.

¹ <https://www.norges-bank.no/tema/Statistikk/Valutakurser/>

2. Ombyting av garanti

Når ein garanti avløyser ein annan, reknast dette for ombyting av garanti. Dette gjeld både ved skifte av garantist og ved opptrapping og nedtrapping av talet på løyver. Ved ombyting av garanti må garantisummen reknast på grunnlag av dei nye garantisummane for alle løyve til løyvehavaren.

3. Garantierklæring ved årsskiftet 2019/2020

Søknad om løyve som kommer inn før 1. januar 2020, kan følge den garantisummen som gjaldt på søketidspunktet dersom søknaden er komplett.

Søknad om løyve som kommer inn etter 1. januar 2020, må bruke garantisum for 2020.

4. Historiske garantisummer

Historiske garantisummer er som følgjer:

År	Første løyve i kvar løyvekategori	Påfølgjande løyve i kvar løyvekategori
2019	85 000 kr	47 000 kr
2018	84 000 kr	47 000 kr
2017	81 000 kr	45 000 kr
2016	85 000 kr	47 000 kr
2015	73 000 kr	41 000 kr
2010-2014	77 000 kr	43 000 kr
2005-2009	75 000 kr	42 000 kr
2000-2004	75 000 kr	42 000 kr

5. Oppheving av rundskriv

Rundskriv N-1/2019 vert oppheva frå 1.1.2020

Med helsing

Anne-Lise Junge Jensen (e.f.)
avdelingsdirektør

Knut Hesthammer
fyrstekonsulent

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Adresseliste

Akershus fylkeskommune
Aust-Agder fylkeskommune
Buskerud fylkeskommune
Finans Norge
Finnmark fylkeskommune
Hedmark fylkeskommune
Hordaland fylkeskommune
Møre og Romsdal fylkeskommune
NHO Transport
Nordland fylkeskommune
Norges Lastebileier-Forbund
Norges Taxiforbund
Norges Transportforbund
Norges Turbileierforbund
Oppland fylkeskommune
Oslo kommune - Byrådet
Rogaland fylkeskommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Telemark fylkeskommune
Troms fylkeskommune
Trøndelag fylkeskommune
Vegdirektoratet
Vest-Agder fylkeskommune
Vestfold fylkeskommune
Yrkestrafikkforbundet
Østfold fylkeskommune